



Notat

Dato: 17.10.2017
Arkivsak: 2017/16344-1
Saksbehandlar: tormje

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Læreplasskonferansen 2017

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i fylkestinget 13.12.16, der eitt av verbalforslaga i samband med budsjettvedtaket inneheld følgjande punkt:

Arrangementet «lærlingskonferanse» som vert arrangert i eit samarbeid mellom NHO, LO og fylkeskommunen vert vidareført.

Læreplasskonferansen vart gjennomført 10. februar i år. Dette var tredje gang læreplasskonferansen vart arrangert. Læreplasskonferansen er eit samarbeid mellom LO, NHO og fylkeskommunen.

Læreplasskonferansen er eit resultat av prosjektet «Aksjon lærebedrift», og det er dette prosjektet som har løfta fram ideen, og som har hatt arrangøransvar. Aksjon lærebedrift var eit treårig prosjekt som gjekk frå 2014 til ut 2016. Prosjektet er forlenga vidare i 2017.

Læreplasskonferansen har vore arrangert i Grieghallen. Kostnaden ved konferansen er om lag kr 500 000. I budsjettet for 2017 vart det sett av 200 000 til denne konferansen.

Læreplasskonferansen dekkjer heile Hordaland, og oppmøtet er stort. I år var det om lag 1400 elevar frå Vg 2 yrkesfag som deltok.